

*Den røde
front*

Opprøraren og radikalaren Øverland

☛ Arnulf Øverland var fødd i Kristiansund i 1889 og voks opp i Bergen. I 1904 flytte familien til Oslo. Etter artium ved katedralskulen tok han til med filologiske studium. Men det gjekk tregt med studia, for det var forfattar og målar han ville bli.

Dei første utgivingane

Øverland debuterte i 1911 med diktsamlinga *Den ensomme fest*, og i tiåra fram mot andre verdskrigen gav han ut mange dikt- og novellesamlingar. Tema-tisk var han mest oppteken av sentral-lyriske tema som kjærleik, lengt, einsemd og død. I diktsamlinga *Brød og vin* (1919) og i novella «Ærens mark» frå samlinga *Deilig er jorden* (1923) uttrykkjer han sin protest mot dei mange grufulle hendingane under første verdskrigen.



Arnulf
Øverland
om seg
sjølv

Arnulf Øverland held foredrag for kristne studentar om «Kristendommen – den tiende landeplage». Det var ein revidert versjon av foredraget han hadde halde i 1933, der han vart tiltalt for blasfemi, men frifunnen i retten. Foto: Aage Storløkken / Aktuell / Scangepix

Medlem i Mot Dag

Alt i 1920-åra markerte Øverland seg som ein radikal. Han var mellom anna med-

lem av den politiske organisasjonen Mot Dag. Motdagistane samla seg om ideane til Karl Marx og hadde mange kjende medlemmer. Dei gav òg ut eit tidsskrift med same namnet.

Ein overtydd ateist

Arnulf Øverland var alltid krass i kritikken når han gjekk til åtak på forhold han ikkje kunne godta. Han var overtydd ateist og reiste landet rundt med det polemiske foredraget «Kristendommen – den tiende landeplage». I 1933 vart han tiltalt etter blasfemiparagrafen på grunn av dette foredraget. Øverland måtte møte i retten, men vart frikjend med éi stemmes overvekt.

Riksmålsmann

I 1938 kom det ei omfattande rettskrivingsreform som skulle føre bokmål og nynorsk nærare kvarandre. Denne reforma var Øverland sterkt imot. Som



Øverland om språkdebatten

formann i Riksmålsforbundet frå 1947 til 1956 var han mellom dei fremste i kampen mot den statlege språkpolitikken. Han kunne vere ein sterkt usakleg debattant.

Antimodernist

Øverland hadde heller ikkje noko til overs for modernismen, verken i biletkunsten

eller i litteraturen. Alt i 1920-åra hadde han skrive polemiske artiklar om Picasso og andre kunstnarar som prøvde ut eit nytt formspråk. I 1953 drog han på turné landet rundt med foredraget «Tungetale fra parnasset», der han særleg polemiserer mot modernistisk lyrikk, som han kallar «rabbel og snikksnakk».

Endra syn på kommunismen

Øverland var ein uredd mann med klare haldningar, som han gjerne stod inne for heile livet. Men han endra syn på kommunismen mot slutten av 1930-åra. Moskva-prosessane (1936–1938), ein utreinskingsaksjon der Stalin brutalt fjerna mange framstående medlemmer av det sovjetiske kommunistpartiet, fekk Øverland til å melde seg ut av det norske kommunistpartiet i 1937.

Mot fascisme og nazisme

Da Noreg vart okkupert, skreiv Øver-



Arnulf Øverland heime i æresbustaden sin, Grotten. Foto: Age Storløyken / Aktuell / Scanpix



Arkivklipp med Arnulf Øverland

land mange antinazistiske dikt som vart spreidde illegalt. Men det var ikkje vanskelig å kjenne att den særmerkte språkstilen hans. 11. juni 1941 vart han arrestert og først send til fangeleiren på Grini, deretter til konsentrasjonsleir i Tyskland. I april 1945 vart han berga ut av den svenske Raudekrossen.

☞ Også mens han sat i fangenskap, skreiv Øverland dikt. Etter krigen vart desse dikta gitt ut saman med motstandsdikta. Samlinga *Vi overlever alt* selde i nesten 50 000 eksemplar allereie i utgivingsåret 1945.

«Du må ikke sove»

☞ Diktet «Du må ikke sove» er frå diktsamlinga *Den røde front* (1937), og er kanskje det mest kjende og siterte diktet av Øverland. Øverland såg den nazistiske faren og krigstrusselen tidlegare enn dei fleste.

☞ Diktet vart til om lag på same tid som «Til ungdommen» av Nordahl Grieg. Vi kjenner att dei retoriske verkemidla og den alvorsame, høgstemde stilen som er tilpassa ein situasjon med politisk uro og krigsfare.

☞ Det er ein dødsdømd fange som taler i diktet. Han har talt makthavarane imot og er dømd til avretting. I denne situasjonen høyrer diktaren kva den dødsdømde har å seie:



*Bjørnelva, våren 1945. Krigsfangar. Fangeleir.
Foto: Novosti / Scanpix*



*Forfattaren les diktet:
Du må ikkje sove*

*Jeg våknet en natt av en underlig drøm,
det var som en stemme talte til meg,
fjern som en underjordisk strøm –
og jeg reiste meg opp: Hva er det du vil meg?
– Du må ikke sove! Du må ikke sove!
Du må ikke tro, at du bare har drømt!*

*I går ble jeg dømt.
I natt har de reist skafottet i gården.
De henter meg klokken fem i morgen!*

☛ Lesaren skal vekkjast og forstå kor stor urett uskuldige må lide under eit fascistisk styre. Den dødsdømde oppmodar oss til å gjere noko med denne uretten:

*Hele kjelleren her er full,
og alle kaserner har kjeller ved kjeller.
Vi ligger og venter i stenkald celler,
vi ligger og råtner i mørke hull!*

*Vi vet ikke, hva vi ligger og venter,
og hvem der kan bli den neste, de henter.
Vi stønner, vi skriker – men kan dere høre?
Kan dere absolutt ingenting gjøre?*

☛ Dette er eit rop om hjelp frå ein fange i ein fortvilt situasjon. Men det er lett å fortregje slik plagsam kunnskap når overgrepa skjer i det skjulte. Og dersom det krevst at ein må ofre eigne gode for å hjelpe, er mange freista til å «gløyme» og fråskrive seg ansvaret for uretten som skjer:

*Du må ikke gå til ditt kjøpmannskap
og tenke på hva der gir vinning og tap!
Du må ikke skyld på aker og fe
og at du har mer enn nok med det!*

*Du må ikke sitte trygt i ditt hjem
og si: Det er sørgelig, stakkars dem!
Du må ikke tåle så inderlig vel
den urett som ikke rammer deg selv!
Jeg roper med siste pust av min stemme:
Du har ikke lov til å gå der og glemme!*

Bibelske allusjonar

☞ Øverland er kjend for å bruke bibelske allusjonar i dikta sine. I «Du må ikke sove» heiter det:

*Tilgi dem ikke; de vet hva de gjør!
De puster på hatets og ondskapens glør!
De liker å drepe, de frydes ved jammer,
de ønsker å se vår verden i flammer!
De ønsker å drukne oss alle i blod!
Tror du det ikke? Du vet det jo!*

☞ «Tilgi dem ikke; de vet hva de gjør!» er ei omskriving av eit bibelvers frå Jesu lidingshistorie. Når Jesus blir krossfesta



Foto: Arnd Wiegmann / REUTERS / Scanpix

mellom to brotsmenn, seier han: «Far, tilgi dei, for dei veit ikkje kva dei gjer.» Med formuleringa si vil Øverland framheve at dei som set i verk overgrepa, berre veit så altfor godt kva dei gjer, dei kjenner til og med glede ved å sjå andre folk lide. Derfor finst det inga tilgiving for desse vonde handlingane.

☞ Ved å låne Bibelens språk låner Øverland også alvoret og autoriteten som denne boka representerer for dei fleste. Lidinga til kvart eit menneske veg for Øverland like tungt som lidingane Jesus måtte gå gjennom på krossen.

☞ Mot slutten av diktet gir den dødsdømde fangen uttrykk for si idealistiske tru på fred, ei tru som er gjord til skamme og som verkar fånyttas:

*Jeg skjønnte det ikke. Nu er det for sent.
Min dom er rettferdig. Min straff er fortjent.
Jeg trodde på fremgang, jeg trodde på fred,*

*på arbeid, på samhold, på kjærlighet!
Men den som ikke vil dø i flokk,
får prøve alene, på bøddelens blokk !*

*Jeg roper i mørket – å, kunne du høre!
Der er en eneste ting å gjøre:
Verg deg, mens du har frie hender!
Frels dine barn! Europa brenner!*

☛ Bodskapen er at den einaste måten vi kan forsvare oss mot nazismen og fascismen på, er å stå saman for å motarbeide dei som står for desse ideologiane. Vi må ikkje sitje passive og la uretten skje. Dessverre var det i mellomkrigstida mange menneske i Europa, ikkje minst statsleiarar, som altfor seint forstod – eller *ville* forstå – kva lei utviklinga tok.



Oslo, hausten 1940: Eit butikkvindaug i Oslo har fått påskrifta «JØDE (stengt)». Slike hærverk (og enda verre øydeleggingar) råka også butikkane til jødiske innbyggjarar i Tyskland. Foto: Ingvald Møllerstad / Aftenposten / Scanpix

